

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 14/673 -
Arkivkode: 104

Sakshandsamar: Vibeke Øxnevad Stoltz

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 91/14	FORMANNSKAPET	02.12.14
PS 62/14	KOMMUNESTYRET	16.12.14

OPPSTART AV KARTLEGGING OG VERDSETJING AV FRILUFTSOMRÅDE I TYSNES KOMMUNE

SAKSUTGREIING:

Hordaland fylkeskommune har invitert Tysnes kommune og kommunane i Hordaland til å gjennomføra ei kartlegging og verdsetjing av friluftsområde lokalt, eventuelt i samarbeid Bergen og Omland Friluftsråd som lokal prosjektleiar. Dette vert ei temakartlegging, og ikkje ein plan. Arbeidet vil gje grunnlag for vurdering av friluftslivsinteresser i kommuneplanar og kommunedelplanar. Gjennom arbeidet vert det etablert viktige nettverk mellom dei ulike aktørane med interesser innan friluftsliv.

Arbeidet med kartlegging og verdsetjing av friluftsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020) og Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), og skal følga Miljødirektoratet si handbok, M98-2013.

Sjølve kartleggingsarbeidet skal gjerast av Tysnes kommune, i regi av ei lokal arbeidsgruppe med prosjektleiar frå Bergen og Omland Friluftsråd. Denne gruppa vurderer relevant informasjon, kartfester areala og gjev ei skildring av dei ulike områda. Hordaland fylkeskommune bidreg med midlar til prosjektleiarrolla, som får eit ansvar for framdrift, samanstilling og skrivning av ein kortfatta rapport. Vidare skal kartdata digitaliserast og leggjast ut på inter nett. Hordaland fylkeskommune koordinerer dette arbeidet.

Mål med kartlegginga

Metoden vil kunne bidra til å oppnå det nasjonale målet om å sikra befolkninga høve til å driva eit variert friluftsliv både i nærmiljøet og naturen elles. Moglegheit for fysisk aktivitet i naturen har stor innverknad på både folkehelse og trivsel, og friluftsområda er viktige fellesgodar for lokalsamfunna.

Målet med kartlegginga er å:

- få oversyn over og tydeleggjera areala til friluftsliv i kommunen

- få verdsett og prioritert areala til friluftsliv i kommunen - og gjennom dette sikra god tilgang på relevant friluftslivsinformasjon i kommunen og for eksterne partar. Døme på dette kan vere å sikre eit godt grunnlag for å utarbeide ein sti- og løypeplan for kommunen/ regionen.

Frå 2018 vil det vere eit krav frå Miljøverndepartementet om å ha gjennomført ei kartlegging og verdsetting av friluftsområde for å kunna søkja om statleg medverknad til sikring av friluftsområde.

Resultat

- Ein kortfatta rapport med oppsummering av arbeidet
- Kartfiler i SOSI-format til kommunen (leggjast inn som eit temalag i kommunen sin digitale kartløyning)
- Interaktivt kart som presenterer friluftsområda på internett. Dette vert lagt inn i Naturbase.no med kommunen som eigar av datasettet.

Organisering

Prosjekteigar:

Tysnes kommune

Lokal prosjektleiar:

Bergen og Omland Friluftsråd

Prosjektkoordinator:

Hordaland fylkeskommune

Forslag til deltagarar i lokal arbeidsgruppe og referansegruppe:

- Prosjektleiar, Bergen og Omland Friluftsråd
- Vibeke Øxnevad Stoltz, rådmannskontoret
- Laila Jane Hope, landbruk- og teknisk etat
- Representant frå prosjektet Vandring Tysnes
- Representant frå idrettsråd/jakt- og fiskelag
- Andre ressurspersoner vert trekte inn ved behov

Arbeidsplan

Oppstartsvedtak, inkl. nedsetjing av arbeidsgruppe og referansegruppe
Første møte i arbeidsgruppa: Metodikk/arbeidsform, få tak i informasjon om friluftsområda, avgrensing område/test av metodikk
Systematisering av eksisterande informasjon, kontakt mot barnehagar og skular (med vekt på tettbygde område)
Møte i arbeidsgruppa: Avgrensing og skildring av friluftsområde
Møte i arbeidsgruppa: Verdsetting av friluftsområda, ferdigstilling av manuskart og tilhøyrande tabell med eigenskapar og skildring for kvart område
Digitalisering av friluftsområda og utarbeiding av enkelt kart på nett (for kvalitetssikring)
Rapportskriving (kort summing av gjennomført arbeid)
Kvalitetssikring (eventuell ei enkel høyring) og eventuelle justeringar
Møte i arbeidsgruppa: Korrektur kart
Ferdigstilling av digitalisering/SOSI-fil og kort rapport

Presentasjon i kommunestyret

Det er eit mål at arbeidet er ferdig for heile kommunen innan sommaren 2015.

Ressursbruk

Arbeidsinnsatsen frå prosjektleiar, administrasjonen og deltakarar i prosjektgruppa vil utgjera til saman om lag 3-4 veker. I tillegg kan det vere nokre avgrensa møte- og reisekostnader i samband med arbeidsgruppa. Arbeidsinnsatsen utgjer eigeninnsatsen for kommunen.

Kostnader i samband med koordinering, prosjektleiing, digitalisering av materiell og ferdigstilling av kartfil, SOSI-fil, (Samordna Opplegg for Stadfesta Informasjon – den største nasjonale standard for geografisk informasjon) vert dekt av midlar frå Hordaland fylkeskommune og Miljødirektoratet.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune starter opp arbeidet med kartlegging og verdsetjing av friluftsområde i tråd med saksframlegget.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 02.12.14:

Representanten Anne Merethe Fjeldstad bad om at det vert lagt opp til at arbeidet med verdsetjing og kartlegging av friluftsområde vert lagt opp i samarbeid med innbyggjarane og at arbeidet vert forankra mellom folk flest.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 02.12.14:

I samsvar med innstilling.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 16.12.14:

I samsvar med framlegg frå formannskapet.